

## **Møte FAU Nesflaten skule**

### **10.09.2020**

**1. - 3.trinn: Aidi Bratland, Mark Laurensen. Vara Ann Elisabeth Holgersen**

**4. - 7.trinn: Lena Bråtveit, Olav Lindseth. Vara Nina Bjørnetun**

**8.- 10.trinn: Anne-Ly Havrevoll, Oddny Endresen, Vara Kjersti Eikemo**

Tilstades: Olav, Anne-Ly, Oddny, Aidi og Ann Elisabeth.

Fråfall: Lena Bråtveit, Mark Laurensen

#### **Saksliste:**

01/20 Godkjenning av referat fra forrige møte

Ingen kommentarar til referat.

02/20 Gjennomgang av saker fra forrige skoleår.

Me gjekk kort gjennom hovedsakane frå forrige skuleår.

03/20 Konstituering av nytt styre

- Leiar: Olav Lindseth
- Nestleiar: Anne-Ly Havrevoll
- Skrivar: Oddny Bråtveit
- Kasserar: Lena Bråtveit
- 

04/20 Eventuelt

- Innkommen sak

FAU har fått førespurnad frå einingsleiar om å gje innspel på korleis bruken av Minecraft Education er hjå elevane på fritida. Einingsleiar ber FAU om tilbakemelding om det bør leggjast eventuelle restriksjonar på elevtilgong t.d i helgar og feriar.

FAU drøftar dette og foreldrerepresentantane er samde i at dei saknar informasjon om Minecraft Education og kva elevane lærar i dette spelet. Det vil gjere det enklare å meine noko om tilgongen borna har til spelet på fritida. Foreldrerepresentantane er også usikre på bruken av læringsbrettet heime og kor mykje elevane skal kunne bruke det på fritida, men tilbakemeldingane er at elevane brukar både Minecraft Education og andre appar i stor grad heime. FAU ser ingen grunn til at det ikkje kan leggjast inn restriksjonar på elevtilgong, om skulen ønskjer dette. Foreldra ønskjer derimot meir

informasjon om det konkrete spelet slik at ein kan betre vurdere bruken og omfanget på fritida. Ungane spelar Minecraft ellers også, men foreldra kjenner ikkje til kva som er ulik/ likt med Education spelet og kva det eventuelle læringsutbyttet er.

Foreldra melder om at etter at skulen tok i bruk læringsbrettet i fjor, har skjermbruken økt betrakteleg i fleire heim.

- Eventuelt: I artikkel i Suldalsposten står det skreve om skulevegen og rasfare til elevane som går på Sand skule. FAU ønskjer å rette fokus også på reisevegen til elevane som går på Nesflaten skule. Det er betydeleg rasfare fleire stader på skulevegen og FAU ønsker å rette fokus på beredskapsplanar for desse elevane, når vegen blir stengd neste gong. Det blir tatt opp fleire aktuelle løysingar som bør undersøkast nærare, t.d båt frå Lapid til Kilen i tilfeller der vegen blir stengd over tid. FAU ønsker å spele inn dette til SU for å rette fokus på ein beredskapsplan som sikrar elevane tilgang til skulen når vegen blir stengd. Problemstillinga gjeld også foreldre og andre pendlarar som brukar riksveg 13 dagleg.
- Eventuelt: Det blir stilt spørsmål om fråversgrensa til elevar i ungdomsskolen i forbindelse med korona situasjonen. Etter å ha undersøkt på udir.no fann ein retningslinjer gjeldande frå august- oktober 2020. Medlemma i FAU var samde i at ein ønskjer å foreslå at skulen oppdatere slik informasjon på Minskule.no eller på Transponder, då retningslinjene endrar seg raskt.

Leiar kallar inn til nytt møte før desember 2020. Sakar ein ønskjer skal tas opp i FAU bes sendes inn før det.

KFAU skal ha møte torsdag 17.09,20. Ann Elisabeth stiller og representerar FAU Nesflaten i møtet. Ny leiar og nestleiar hadde ikkje moglegheit å stille denne gongen.

Ann Elisabeth Langeland, leiar.